



Det gode fisket i Uskedalselva held fram, går det fram av dei siste fangstrapportane frå elveeigarlaget. Fangsten til no år var oppe i 327 kilo den 2. august medan heile sesongen ifjor ikkje ga meir enn 83 kilo. Sidan 22. juli er det rapportert inn 43 kilo og det er ikkje noko som tyder på nedgang vidare mot sesongslutt som er 15. september hvis det då ikkje vert ekstreme og for fisket negative vertilhøve.

Mange har stilt spørsmålsteign ved grunnene til det gode fisket men det er ikkje lett å finne svaret. Ein av dei ivrigaste fiskarane meiner bestemt at forklåringa er å finne i dei store mengdene av smeltevatn som kom ved påsketider og som hadde som verknad at det gjekk opp mykje fisk tidleg i sesongen.

Andre peikar på dei strenge at restriksjonane på fisket som vart gjennomført i fjor og som er endå strengare i år. Fiskarar meiner at vi no ser noko av resultatet av dette, men det vert avvist av vår kontakt som uttalar at effekten ikkje kjem så fort, men fyrst om 5-6 år.

Sjølv har han fått 7 fiskar til no denne sesongen og er særst godt fornøgd med det. Av dei var ein aure og resten laks og lukkelegvis var det berre ein oppdrettslaks, altså ein rømling. Fiskaren kan ellers bekrefte at det er gode vilkår i elva med omsyn til yngelens vilkår. Han kan peika ut mange småfiskar som er på veg ut i havet. Om eitpar år vil dei vera her att.

Årets største fisk så langt er framleis på 10 kilo medan det er fanga ein åttekiloslaks og 3 mellom 7 og 8.

Tekst, og nett: Ola Matti Mathisen
Foto: Oppdrettsnæringa